



Alver kommune
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Vår referanse:
68038505/2085079

Ansvarlig advokat:
Ingrid Sævold Moe

Dato:
26. mai 2021

SØKNAD OM FERDIGATTEST – GNR. 464 BNR. 19

Vi viser til Radøy kommune sitt vedtak av 22.01.2013, der det vart gitt løyve til oppføring av naust og brygge på gnr. 64 bnr. 19 i Radøy kommune. Eigedomen har etter kommunesamanslåinga til Alver kommune den 01.01.2020 fått gnr. 464 bnr. 19.

I vedtak datert 06.07.2020, i sak 720/20, vart det gitt løyve til endra plassering av naustet.

På vegne av Solveig Hauge og Arne Solhaug vert det søkt om ferdigattest for naust og brygge som godkjent i løyve av 22.01.2013.

Vedlagt ligg godkjente teikningar og innmålt plassering.

Med vennlig hilsen
Harris Advokatfirma AS

Cathrine Lorentzen

Cathrine Tvedt Lorentzen
Advokatfullmektig
ctl@harris.no
926 29 160

Søknad om ferdigattest

Pbl § 21-10, SAK10 §§ 8-1 og 8-2



Søknaden gjeld						
Elgedom/ byggjested	Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.
	464	19				
	Adresse				Postnr.	Poststad
	Haugstad 62				5936	Manger

Ferdigattest	
Tilfredsstiller tiltaket krava til ferdigattest? ☒ Ja ☐ Nei Dersom nei, fyll ut informasjonen nedanfor	
Det står att følgjande arbeid av mindre vesentleg betydning som vil bli utført innan 14 dagar:	Dato
Type arbeid	
Stadfesting av at desse arbeida er utførte vil vere kommunen i hende innan:	Dato

Oppdatert dokumentasjon	
Er det utført ikkje søknadspliktige endringar/justeringar i forhold til løyvet?	
☐ Ja ☒ Nei	Dersom ja, legg ved oppdatert situasjonsplan, teikningar eller dokumentasjon som viser kva som er utført.

Sluttrapport for avfall	
Sluttrapport av	Dato
	skal leggjast ved søknaden
Ansvarleg søkjar forpliktar seg til å sjå til at sluttrapporten vert ajourført og oppbevart	
Vedlegg nr. K -	

Varmesystem	
Energiforsyning	Varmefordeling
☐ Elektrisitet	☐ Vassboren golvvarme
☐ Biobrensel	☐ Vassboren radioator
☐ Varmepumpe - luft	☐ Elektriske varmekabler
☐ Varmepumpe - berg/sjø	☐ Elektriske panelomnar
☐ Fjernvarme/spillvarme	☐ Luftoppvarming
☐ Sol	☐ Kamin/omn/peis
☐ Gass	☐ Anna
☐ Olje/parafin	
☐ Anna	
☐ Ikkje relevant	

Erklæring
☐ Ein stadfester at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert eigaren av byggverket

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Situasjonsplan, avkøyringsplan	D	-	☒
Teikningar, plan, snitt, fasade	E	1 - 1	☐
Utgreiingar/kart	F	2 - 2	☐
Gjennomføringsplan	G	-	☒
Sluttrapport for avfallsplan og miljøsaneringsbeskrivelse	K	-	☒
Bustadspesifikasjon i matrikkelen	H	-	☒
Uttaler frå andre offentlege myndigheiter	I	-	☒
Andre vedlegg	Q	3 - 3	☐

Underskrifter			
Ansvarleg søkjar for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1)		Tiltakshavar (berre for tiltak utan ansvarleg søkjar pbl § 20-4)	
Føretak		Namn	Arne Solhaug
Organisasjonsnummer		Organisasjonsnummer	
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	
			Harris Adv.Firma v/Cathrine L. 92629160
E-post		E-post	ctl@harris.no
Dato	Underskrift	Dato	Underskrift
		21/5-21	Arne Solhaug
			ARNE SOLHAUG



Arne Solhaug
St. Olavs gate 42

3112 TØNSBERG

Dykkar ref.

Vår ref.

12/1901-7/ 13/654/64/19/LHE

Dato:

Manger: 22.01.2013


**GNR 64/19 HAUGSTAD - STØYPING AV NY BRYGGE - NAUST - GODKJENNING
- OVERSENDING**

Vedlagt vert kopi av sakspapir med vedtak for handsaminga av denne saka oversendt Dykk.

Det vert i den samanheng vist til vedlagde orientering om klagerett.

Med helsing

Kjersti Flatråker (S.)
konstituert leiar plan, byggesak og oppmåling


Line Hervig
jurist/byggesakshandsamar



RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	22.01.2013	025/13	LHE

Sakshandsamar: Line Hervig	Arkiv: GBNR-64/19 Objekt:	Arkivsaknr 12/1901
----------------------------	------------------------------	-----------------------

Gnr 64/19 Haugstad - oppføring av ny brygge og naust - søknad om tiltak utan ansvarsrett - godkjenning

etter plan- og bygningslova § 20-2

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	31.10.2012	Bergen og omland havnevesen	Gnr 64/19 Haugstad - vedk støping av ny brygge - vedtak
2	I	16.11.2012	Arne Solhaug	Gnr 64/19 Haugstad - søknad om løyve - naust
4	I	17.01.2013	Arne Solhaug	Gnr 64/19 Haugstad - reviderte teikningar
5	I	20.01.2013	Arne Solhaug	Gnr 64/19 Haugstad - vedr. krav i kommuneplan
7	U	22.01.2013	Arne Solhaug; Bergen og omland havnevesen	Gnr 64/19 Haugstad - støyping av ny brygge - naust - godkjenning - oversending

Adresse : Haugstad
Tiltakshavar : Arne Solhaug

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av naust med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca 35 m² og brygge på ca 12 m².

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.11.2012 og supplert 17.01.2013.og 20.01.2013.

Saksutgreiing:**Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som naustområde.

Tillat grad av utnytting er etter kommuneplan er 25 % BYA. Byggesaksmynde vurderar at tiltaket er innanfor tillat krav om utnytting.

Uttale frå annan styresmakt

Det ligg føre løyve frå Bergen og Omland Havnevesen datert 31.10.2012:

Vedtak

Med hjemmel i havne- og farvannsloven § 27 første ledd har Bergen og Omland havnevesen fattet følgende vedtak:

Det gis tillatelse til etablering av ny brygge til erstatning av gammel nedrast brygge. Ny brygge legges langs med naustet og vil stikke ut over sjøen med mål 2 meter x 6 meter.

Tiltaket utføres som vist på vedlagt tegning, på gnr.64 bnr.19, i Radøy kommune. Tiltaket eller bruken av dette må ikke hindre tilflott til eller annen utnyttelse av naboeiendommer.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 16.11.2012. Nytt naust erstattar gammalt båthus og vert ført opp på same stad. Avstand til nabogrense er opplyst å vere 1 meter. Då omsøkte tiltak er eit naust med BYA på 35 m² vurderar kommunen dette som eit mindre tiltak som vert godkjent plassert nærare nabogrensa enn 4 m jf. pbl § 29-4 b jf. TEK 10 § 6-3. Tiltaket er plassert innafor byggjegrænse i plan.

Tilkomst, vatn og avløp

Tiltaket fører ikkje til endring i tihøve til tilkomst, vatn og avløp.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar. Byggesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan synlege og varige inngrep i terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart meddelt tiltakshavar ved e-post av 12.12.2012 .

Manglane vart retta ved e-post frå tiltakshavar av 17.01.2013 og 20.01.2013.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.01.2013 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 a jf byggesaksforskrifta § 3-1 b vert det GODKJENT oppføring av naust og brygge som vist i søknad av 16.11.2012 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 - Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage

Enkeltvedtak kan etter forvaltningslova klagast på innan tre veker frå mottak, jf forvaltningslova § 29. Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ein klage kan føre til at vedtaket vert gjort om. Radøy kommune er ikkje ansvarleg for tap som tiltakshavar lir på grunn av omgjerding.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 11.1.1	Basisgebyr	kr 5 000,00
SUM		kr 5 000,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomte skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 12/1901.

Med helsing

Kjersti Flatråker (S)
konstituert leiar plan, byggesak og oppmåling


Line Hervig
jurist/byggesakshandsamar

Kopi til:

Arne Solhaug

St. Olavs gate 42

3112

TØNSBERG

Radøy kartkontor

RADØY KOMMUNE

**Rådmannen
Tlf
Fax**

Elektronisk post

Vår ref.: 12/1901-5

Arkiv: 13/602//

Dato:20.01.2013

Gnr 64/19 Haugstad - vedr. krav i kommuneplan

Fra: Arne Solhaug [mailto:arne.solhaug50@gmail.com]

Sendt: 19. januar 2013 15:32

Til: Hogne Askeland

Emne: Re: Nytt naust Haugstad 64/19

Hei Hogne!

Vi skal selvfølgelig holde oss innenfor gjeldende regler. Vi reduserer mønehøyden til 5 meter og håper at alt dermed er i orden. Jeg vil tippe at takvinkelen dermed blir ca 40 grader.

Med vennlig hilsen

Arne

2013/1/17 Hogne Askeland <Hogne.Askeland@radoy.kommune.no
<mailto:Hogne.Askeland@radoy.kommune.no>>

Hei. Då har eg sette gjennom søknaden di saman med kommunen sin plankonsulent.

Med fare for å virka veldig firkanta så er du ennå ikkje heilt innanfor krava i kommuneplanen.

” Mønehøgd frå topp golv skal vere maks 5 meter”.

Klarer du justere naustet ditt slik at du kjem på omlag 5 meter maks. mønehøgd? Reknar kanskje med at teikningane dine ikkje nødvendigvis er 100% nøyaktige, og viss du trekker ned litt, og sender meg ny teikning med mønehøgd 5 meter. Så skal eg kunne godkjenne det.

Det kan nok synast vel byråkratisk dette, men eg har ikkje høve til å godkjenne noko som ikkje er i tråd med kommuneplanen.

Ring meg om du treng veiledning.

”Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 kvm. Eventuelt

loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Mønehøgda for naust skal vere maks 5 meter frå topp golv.”

Det er ikkje tillate med knevegg over 20 cm ved yttervegg i bygning som ikkje skal nyttast til varig opphald.

Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35 og 45 grader. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA). Det skal vere tradisjonelle dørar i naustet og bygget skal ikkje isolerast.

Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

Naust skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk med variasjon og oppdeling som ein finn i tradisjonelle naustmiljø i regionen. Det skal nyttast tradisjonelle byggemateriale, som naturstein i fundament, trekledning på veggjar, og panner eller skifer på tak. Andre material kan nyttast i miljø der anna spesifikt materiale er dominerande. Fargeval skal haldast i ein tradisjonell fargeskala. Dersom fleire naust vert ført opp side ved side bør dei få ei individuell utforming slik tradisjonen er.

Hogne

Fra: Hogne Askeland
Sendt: 17. januar 2013 08:16
Til: 'Arne Solhaug'
Emne: SV: Nytt naust Haugstad 64/19

Hei, stadfestar mottak av Dykkar e-post. Eg skal gå gjennom søknaden din i morgon saman med plankonsulenten vår.

Så langt eg har sett på denne no ser det ut som den er innanfor krava i kommuneplanen og at den er klar for handsaming her.

Du høyrer igjen frå meg i morgon.

Med helsing
Hogne Askeland
Prosjektkoordinator plan, næring og teknisk

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger


Tlf.dir: 56 34 90 06

E-post: hogne.askeland@radoy.kommune.no <<mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no>>

Internett: www.radoy.kommune.no <http://www.radoy.kommune.no>

<<http://www.radoy.kommune.no/>>

Jra Altmann



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

HARRIS ADVOKATFIRMA AS		Plan og byggesak
- 6 JULI 2020		
111 2931501	186 3849	CTL

Referanser:
Dykkar: Cathrine Tvedt
Lorentzen
Vår: 20/9106 - 20/44560

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
06.07.2020

Løyve til endra plassering av naust - gbnr 464/19 Haugstad

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 720/20

Tiltakshavar:

Arne Solhaug

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i føresegn 3.1.10.3 til kommunedelplanen for Radøy gir Alver kommune fritak frå plankrav for søknad om endra plassering av naust.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 a) vert det gjeve løyve til endra plassering av naust, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.3.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endra plassering på naust med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 35 m².

Søknaden omfattar plassering av naust. Andre tiltak vist på vedlagte kart og teikningar er ikkje omfatta av søknaden og vert heller ikkje vurdert av kommunen.

Løyve til oppføring av naustet vart gitt av Radøy kommune i vedtak datert 22.1.2013, saksnr. 025/13.

Søknaden omfattar søknad om fritak frå plankrav i føresegn 2.1 til kommunedelplanen sin arealdel (KDP).

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 4.5.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker etter denne dato. Overskriding får ikkje betyding for fastsetting av gebyret før det er gått over 12 veker.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som naustområde.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 25% BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.3.2020.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0,3 meter. Eigar av gbnr. 464/20 har i dokument datert 25.3.2020 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Det er ikkje søkt om endra høgdeplassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:

Plankrav

Føresegn 2.1 til KDP set krav til plankrav for tiltak etter pbl kap. 20, med mindre anna er sagt under det einskilde arealføremål.

Føresegn 3.1.10.3 angjev i kva tilfelle det er grunnlag for å gjere unntak frå plankravet. Søknad gjeld endra plassering av allereie gitt løyve til oppføring av naust. Administrasjonen finn dermed at det er grunnlag for å frita frå plankravet.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtেকnisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsnering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samtl andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet. Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Marianne Aadland Sandvik
avdelingsleiar


Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Teikning

Mottakarar:


Arne Solhaug	St Olavs Gate 3112	TØNSBERG
	42	
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 5835	BERGEN
	Sandviken	



3 Øst
1:100




4 Nord
1:100



5 Vest
1:100

Alle mål må kontrolleres på stedet

GODKJENT
23.01.13 / *Per Høeg*
Radøy Kommune



1 Hovedplan
1:100



2 Sør
1:100

NAUST, UTVIDELSE
SOLVØD HAUGE OG ARNE SOLHAUG
HAUGSTAD
RADØY KOMMUNE

ARKTEKT METTE KYED THORSON
BYLARKTEXT MAAL
KVALØY, N-2555 LINDÅS

OVERSIKTSTEGNING
ISTANDSETTELSE
OMR. 84 54R 19
OPPRETTET 01.07.2008

ORG.NR. NO 867 786 662
MEDLEM AV ARKTEKTSBESØFTENE
E-MAIL: MKTHO@ONLINE.NO

TEGN. NR. A 401

MAAL 1:100 / A3
REV. 19
REV. DATO 28.08.2008

P.NR. 0808
MOS 801 46 234
FAGS 0830 9412

Revidert 19.01.13 ARNE SOLHAUG

Gnr/Bnr: 464/19
Adresse:
Eigar/søkar:

Vår referans: liciho

Sign.

Målestokk: 1:500
Dato: 31.03.2020




**ALVER
KOMMUNE**



Gjerde
Usikker eigedomsgrense
Målt eigedomsgrense

 Bolighus

 Andre bygg



 Tiltak

Underskrift Situasjonsplan


Dato



**Vest
Oppmåling AS**

Radøy, gnr 64 bnr 19,
Data på innmålt fasadeliv

24.08.2018



PunktID	N-koord.	Ø-koord.	Høyde
H1	6730922,05	286576,26	
H2	6730927,20	286581,22	
H3	6730923,59	286584,96	
H4	6730918,45	286580,00	
HØYDE KAI	6730923,80	286587,75	1,46

Vest Oppmåling AS

PB 84, 5293 Lonevåg
Tel 5639 4000 Mob 905 12 583